



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	20/03903-3	Alexander Kenneth Connor +47 71184080	01.09.2020

Vestnes kommune - fråsegn om endra planer for Urdelva Kraftverk i Vestnes kommune

Vestnes kommune viser til oversending frå NVE angående ny endra søknad om bygging av Urdelva Kraftverk.

Før ein gjer ei vurdering av dei endra planene vil adm.sjefen først gjere merksam på følgjande moment i søknaden.

Det går fram av kap 1.5 i konsesjonssøknaden at «*Vestnes er lite berørt av kraftutbygging*». Dette meiner adm.sjefen er ei feilvurdering av den faktiske situasjonen for vassdragsnaturen i Vestnes. Fleire av vassdraga i Vestnes er allereie utbygd i høve kraftverk, som til dømes Øvstedal, Misfjord og Sesselva/Sakselia. Utbygginga av Urdelva må difor vurderast ut i frå ein samla belastning for vassdragsnaturen i kommunen. Til orientering vart dette òg påpeika i vår innsigelse av 11.09.2017.

I følge tilgjengelege kunnskapsdatabasar, kan det verke som det gjort funn av fleire artar av forvaltningsmessig interesse enn ved førre konsesjonsrunde. T.d. er det gjort eit funn av den sårbare arten (VU) honninghvitkjuke (*Antrodia mellita*). Oppgradering av eksisterande traktorveg ved sjaktpåhugg kan kome i konflikt med denne. Vidare er det registrert ein ny lokalitet av rik edellauvskog i tiltaksområde. Uforminga her er rike hasselkratt som er ein sterkt trua naturtype. Begge traséalternativa kjem i konflikt med desse naturtypelokalitetane.

Grunna nye artsfunn og førekomst av sterkt trua naturtyper, samt nye traséval som ikkje var utreda ved førre søknad, finn adm.sjefen det naturleg at ein gjennomfører ei ny synfaring av tiltaksområde for å få saka tilstrekkeleg opplyst. Dette gjeld i hovudsak traséalternativa for røyrgatene i høve til biologisk mangfald verdiane i område.

Elles har ein kjennskap til at ein av dei to rovfuglane som vart nemnt ved førre konsesjonssøknad, vart observert sommaren 2020.

Elles gjer vi merksam på at våre vurderingar og vedtak i brev av 11.09.2017 framleis gjer seg gjeldande. Det følgjer med dette at Vestnes kommune opprettheld sin innsigelse. Grunna ny kunnskap om biologisk mangfald gjer ein merksam på at ein no òg fremjer innsigelse på tema biologisk mangfald.

Dersom det blir gjeve konsesjon, ber adm.sjefen om at kommunen vert høyringspart i detaljplanlegginga.

Med helsing

Alexander Kenneth Connor
Jordbruk- og miljøansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent